

# MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

Kim Arne Reknes

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1279 - 19/22174

Saksbehandlar:

Grethe Elin Mjelde

grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:

10.07.2019

## Dispensasjon for midlertidig godkjenning av lokale til tatovering

Nordhordland Tattoo Convention v/Kim Arne Reknes har søkt om midlertidig godkjenning av lokale i Eikanger forsamlingshus til eit tatoverings-arrangement helgen 18.10.19 – 20.10.19. Søknad er datert 3.6.19 (vår ref. 17/1279 – 19/17531). Fyllingsnesveien 343 AS er eigar av Eikanger forsamlingshus. Fumble Heads MC er leigetakar og brukar av lokalane.

Nordhordland Tattoo Convention ønskjer å invitere 5 – 6 profesjonelle tatovører til arrangementet.

Søknad er i samsvar med *"Forskrift om hygienekrav til frisør-, hudpleie-, tatoverings- og hulltakingsvirksomhet m.v."*.

Forskrifta sitt føremål er å *"sikre tilfredsstillende hygieniske forhold og forebygge overføring av smittsomme sykdommer ved virksomheter omfattet av forskriften"*.

§ 9 i forskrifta syner til at det kan gis dispensasjon frå bestemmingar i forskrifta i særskilte tilfelle. Dispensasjon til midlertidig godkjenning av eit lokale kan gis etter søknad. Tilsynsmyndigheita kan sette vilkår for dispensasjonen.

### ➤ Tilsyn og vurdering

Det har vore utført 2 synfaringar i Eikanger forsamlingshus. Den 13.6.19 og 4.7.19.

4.7.19 møtte arrangør Kim Arne Reknes og Frode Solstrand (Fumble Heads MC) og tatovør Trine Lise Tunestveit (Skikkelig ilt Tattoo & Design), samt Grethe Elin Mjelde (miljøretta helsevern).

Lokalet som skal nyttast til tatovering er stort og opent, med god takhøgde. Tatovører vil nytta kjøkken attmed (utan dør) til vask av hender og tømning av ev. spillvatn/vaskevatt. Tatovører vil ha tilgang til pauserom og eige toalett med vask. Kunder vil få tilgang opphaldsrom/resepsjon, samt 2 toalett med handvask.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 57 70  
Telefaks +47 56 37 50 01

Nordhordland Tattoo Convention har utarbeidd eit internkontrollsystem som tek i vare forskriftas hygienekrav. Denne vil vera gjeldande for alle utøvarar/tatovørar. (Vår ref. 17/1279 – 19/22231).

Det er sett krav til at utøver/tatovør berre skal nytte sterilt eingongsutstyr.

Alle kundar må fylle ut «Egenkontrollskjema», der tatovør innhentar opplysningar om bl.a. helsetilstand til kunden. Avviksskjema er utarbeidd og vil vere tilgjengeleg for utøver.

Lokalane vil bli stengt ei veke før arrangementet for nedvask og klargjering.

Miljøretta helsevern har vurdert tilsendt internkontroll, samt om lokalet kan vere egna til tatovering. Det blei lagt vekt på korleis hygienekrav gitt i forskrifta ville kunne handhevast under arrangementet. Etter ei totalvurdering, kan det gis midlertidig godkjenning av lokalar i Eikanger forsamlingshus til tatovering.

## Vedtak

Med heimel i "Forskrift om hygienekrav til frisør-, hudpleie-, tatoverings- og hulltakingsvirksomhet m.v." får Nordhordland Tattoo Convention dispensasjon til å nytte midlertidige lokalar i Eikanger forsamlingshus til tatovering. Godkjenninga er avgrensa til arrangementet det er søkt om i perioden 18.10.19 – 20.10.19.

**Lovheimel:** "Forskrift om hygienekrav til frisør-, hudpleie-, tatoverings- og hulltakingsvirksomhet m.v" av 6. mai 1998, med heimel i lov 5. august 1994 nr. 55 om vern mot smittsomme sykdommer § 4-1 siste ledd jf første ledd pkt. e) og lov 24. juni 2011 nr. 29 om folkehelsearbeid (folkehelselova) § 8 andre ledd og § 10 fjerde ledd.

Med helsing

Terese Folgerø  
kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde  
teknisk-hygienisk ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Om klage over vedtak:

§ 11. Klage over vedtak

Fylkesmannen avgjør klager over vedtak truffet av kommunestyret etter denne forskrift, jf. lov 24. juni 2011 nr. 29 om folkehelsearbeid § 19.

**Vedlegg:** Internkontroll for Nordhordland Tattoo Convention med vedlegg

**Kopi til:**

Hogne Haugsdal

Ørjan Raknes Forthun